

Gardskraftverk i Bjerkreim

av
Paul Tengesdal

I Bjerkreim har det vore ca 50 kraftverk av ymse slag. Det første gardskraftverket vart bygd på Nedrebø i 1914, altså for 100 år siden. I 1907 hadde gruveselskapet i Ørsdalen bygd kraftstasjon der, men denne kom ikke bøndene i Ørsdalen til gode. Dette var det aller første kraftverket i Bjerkreim. I Austrumdal var de også tidlig ute med elektrisk kraftproduksjon, de bygde sitt kraftverk i 1919. Vikeså Ysteri bygde også sitt første kraftverket i 1919.

På 1920 tallet kom det til flere kraftverk; Røysland søre 1925, Svela litle 1925, Vikeså 1926, Skjæveland 1926, Hegelstad 1926, Hetland 1926, Ivesdal 1928, Malmeim 1929 og Gjedrem 1929.

Utpå 1930 tallet og seinere på 1940 tallet kom det til enda flere kraftverk. Det var også flere gardbrukere som bygde små kraftverk, men ikke alle vart i drift særlig lenge på grunn av for lite vatn å driva verket.



Gammel lysmaskin fra 1898

DET FØRSTE GARDSKRAFTVERKET I BJERKREIM

Fra Lisabet Risa, Bjerkreimboka III side 1557 kan vi lese:

Det fyrste gardskraftverket i Bjerkreim kom nemleg i gang på Nedrebø i 1914. I 1907 hadde gruveselskapet i Ørdsalen bygt kraftstasjon der, men denne kom ikkje bøndene i Ørdsalen til gode. Gardskraftverket på Nedrebø omfatta gardane Nedrebø, Birkeland Store og Fuglestad. Vassfallet fra Fuglestadvatnet dreiv verket. Det var den eine gardbrukaren på Nedrebø, Villien Nedrebø, som fekk ideen om å byggja kraftverk og som sette i gang i 1913, 40 år før Bjerkreim fekk kommunalt straumnett.

I DT står det å lesa den 8.4.1914: «Viljen Nedrebø sitt private elverk er no på det næraste ferdig. Heile krinsen på omlag 10 husstander, har leigd straum av verket til Viljen. Straumen skal nyttas til lys, kraft og til koking. Fleire private elverk er no under oppsegling i Bjerkreim. Oppsitjarane på Fuglestad og Birkeland ville ikkje ha meir straum frå fyrst av en til ei lypære Vatnet fra kraftverket vart ført om lag 250 meter i ein kanal, deretter om lag 20 meter i røyr...»



Gardskraftverket på Nedrebø i 1914

Verket vart utbedra i 1938. Då vart det sett opp stemmer, og kanalen vart erstatta av røyrgate. Birkeland-garden fekk eige verk i 1938. Frå då av var det berre Nedrebø og Fuglestad som hadde verket på Nedrebø. Kraftverket hadde likestraum til 1960. Då vart det sett inn vekselstraum.

I året 2000 gjekk dei ti kraftverkeseigarane på Nedrebø og Fuglestad saman om å byggja nytt kraftverk på Nedrebø. Det nye Nedrebø Elverk er eit sameige mellom sju gardsbruk og tre bustadeigendomar på Nedrebø og Fuglestad. Installasjonen i det nye kraftverket er 100 kW.

Trygve T. Fuglestad skriv i Dalane Tidende 19.10.1936:

Willien Nedrebø hadde en egen måte å organisere og fremme en sak på. Enten det nu gjaldt det rentefrie lån for jordbruket eller kraftverket eller en annen stor lys ide som hadde fått rum i hans hjerte, så grep Willien sin stav og gikk rett til en for en av dem han vilde ha med, og snakket med dem på tomannshånd og – overbeviste dem. Jeg var bare en liten gutt da; men jeg kan ennu minnes da Willien en kveld kom opp til Fuglestad – vi var jo naboer. Det gjaldt kraftverket. Mens han samtalte med far om det viktige emne, borte han et hull i gårdstunet med staven sin, og da hullet var ferdig, hadde han overbevist far med sin veltalenhet. Så var det til neste mann likedan. Og da 9 huller var ferdige, hadde samtlige 9 oppsittere i Nordgårdene bunnet sig til kraftkjøp i 10 år.

Det må og nevnes hva Viktor Nedrebø forteller (2014):

Husmann Ivar Hodlen (1841-1920) skal ha sagt: «*Allre om di får vatne te å gå i dei tråane*». Og når de hadde fått innlagt lys i heimen hos Villien skal Vilhelmine (1870-1947), bestemor til Viktor, i vill forfjamselse ha reist seg opp og blåst på lyspæra når ho skulle slokke lyset. Slik fortelles det i familien.

En fortegnelse over abonnenter til kraftverket på Nedrebø fra 18. september 1914:

		Lamper		Ovner kW	Motor hk	Kokeplater kW	Antall Stikkontakter
		Bolig	Utehus				
1	Tomas Fuglestad	7	7	2	3	1,1	4
2	Lars Fuglestad	5	4	2	2	1,1	4
3	Wilhelm Nedrebø	9	3	2	4	1,1	6
4	Enok Nedrebø	12	6	2	3	1,1	3
5	Lærer Grepsrud	8	2	2	-	1,1	4
6	Edvard Birkeland	7	2	2	-	1,1	-
7	Elling Birkeland	9	4	2	3	1,1	5
8	Peder Birkeland	7	3	2	-	1,1	3
9	Møller Birkeland	9	1	2	-	1,1	3
10	Ole Birkeland	8	4	2	3	1,1	2



Gamalt bilde av gardskraftverket på Nedrebø.

I dag (2014) er rørgata og inntakskanalen til verket fjerna. Sjølve bygningen med utstyr står slik bildet viser, og man kan sjå i terrenget kor den lange inntakskanalen, seinere rørgate har vore.

Bygningen med innhold er et fint kulturminne etter det første gardskraftverket i Bjerkreim. Alle får håpe at grunneieren tar vel vare på dette. I dag (2014) er det hundre år siden det kom i drift.

Kraftverk – iht. Bjerkreimboka

Band I

Tengesdal søre

Ingen

Vinningland

Gardskraftverket på Vinningland låg til Bjerkreimsåa, omlag 500 meter utafor tunet til bnr. 1. Det var på 45 kW og gav kraft til alle husstandane på Vinningland og litt til Tengesdal Søre. Kraftverket vart bygt i 1936 og var i bruk til 1966.

Sagland

Ingen

Åsen

Ingen

Bjerkreim

Garden fekk kommunal straum i 1953. Frå 1946 hadde dei hatt straum til lys frå eit dieselaggregat som gardbrukarane hadde kjøpt i lag. Seinare kjøpte dei eit større aggregat, og då la dei linje til Odland, slik at den garden og fekk straum. Aggregatet vart stoppa i elleve-tida om kvelden og starta att i seks-tida om morgonen.



Aggregatet stod under garasjene helt til høgre med egen inngangsdør.

Odland

Ingen

Efteland litle

Ingen

Sætre

Ingen

Netland

Ingen

Hytland

I byrjinga av 1950-åra bygde Palmer Hytland og brørene hans eit lite kraftverk (4 kW) i åa nedanfor garden, eit stykke ovanfor Hytlansfossen. Då det kom straum til gards hadde kraftverket stått ei stund. Det var faktisk utslite.

Tjørn

I 1949 eller litt seinare bygde Gustav Brattebø på bnr. 1 eige kraftverk, lysverk, som dei sa på garden. Kraftverket ligg til bekken, ikkje langt frå kvernhustufta. Lysverket gav straum til lys og til koking i heimen, men ikkje til oppvarming. Gustav forbedra verket fleire gonger sidan. Dei fekk mellom anna ny turbin og nye skovler. Lysverket var i full drift til Tjørn vart kobla til det kommunale elverket i 1961. Sigvart hadde ikkje straum i heimen sin på bnr. 3.

Lauperak

Viljen og Theodor Løvbrekke på bnr. 1 og bnr. 7 bygde gardskraftverk ved «kvednafadlet» deira ved Slipehølen. Kraftverket var lite og vart berre nytta til lys. Lauperak vart tilknytta det kommunale el-verket i 1970.

Vassbø

Kraftstasjonen og røyrkata som er i bruk på Vassbø i dag, er også eit resultat av gruvedrifta. Kraftverket vart bygd under andre verdenskrigen, til den siste oppgangstida for gruvedrifta i dalen.



Eik

Ingen

Hovland

Gruveselskapet bygde eigen kraftstasjon i 1907, vaskeribygning, maskinhus, knuseverk, arbeidarbrakker og bustad til gruveingeniøren. Kraftverket var det fyrste i Bjerkreim. Det vart reist sju år før det fyrste av dei vel femti gardskraftverka i Bjerkreim kom på Nedrebø i 1914. Av private bustader var det likevel berre ingeniørbustaden som fekk nytta godt av den elektriske krafta då, ikkje dei andre heimane på Hovland. Då gruveselskapet under andre verdenskrig bygde kraftstasjon på Vassbø, fekk Hovland straum derifrå.

Bjordal

Bjordalsgarden har eige gardskraftverk, reist i slutten av andre verdenskrig. Kraftverket var ferdig i 1945 og er framleis i drift (1997). I 1981 vart verket modernisert og fekk då ny røyrgate.



Anstein Hovland og sonen Tor Sigve ved gards-kraftverket i 1975.

Brattebø

Ingen

Kvitlen

Ingen

Hadvardshom

Ingen

Austdal

Ingen

Grøtteland

Grøtteland fekk eige kraftverk i 1946. Dette var i drift til 1983.

Austrumdal

Austrumdal fekk tidleg eige gardskraftverk. Den fyrste kraftstasjonen vart bygd i Kattadalen i 1919. I 1940 bygde dei nytt og større verk ved Kvednabekken, Det gamle verket vart då flytta til Vaule.



Kraftverket står nedenfor vegen vest for Austrumdal.

Kalveskog indre

Ingen

Kalveskog ytre

Ingen

Dyrskog

Lenger oppe langs bekken ved tunet ligg gardskraftverket. Dyrskog fekk eige kraftverk i 1948, men dette er eit «flaumverk» som står i turkeperioder.

Landsdal

Ingen

Kleppali

Etter at Theodor og Walborg kjøpte Kleppali i 1948, vart det bygt eit lite gardskraftverk ved Ålabekken. Verket produserte nok straum til eit par lyspærer i heimehuset. I desember månad 1960 vart Kleppali knytta til det kommunale elverket.

Band II

Eikeland under Holmen


Ingen

Holmen

Ingen

Gjedrem

Gardskraftverket ved Bjerkreimsåa på Gjedrem vart sett i gang 29. mars 1929. Då vart lyset tent i heimane på Gjedrem, Holmen og i den eine heimen på Støl-Øygard (Eikeland under Holmen). Dei tre gardane gjekk i lag om å kjøpa alt utstyret frå ein av kraftstasjonane i Ørdsdalen då det var auksjon etter eit av gruveselskapa der i 1921 og 1922. Utstyret vart frakta med båten Ørdsølen til Odlandstø og vidare med hestar til Gjedrem. Alt arbeidet skjedde på dugnad. Det private «Gjedrem og Holmen Elverk» er framleis i bruk. Verket vart ombygt og modernisert i 1961 og 1994. «Gjedrem og Holmen elverk» vart bygt på Gjedrem i 1928/29 og som ytte 60 kW.



Olaf Gjedrem og sonen Geirmund i kraftstasjonen i 1980.

Svela litle

Det vart bygt et lite gardskraftverk på bnr. 8 (bruket til Amund Birkeland) i 1925. Det ytte 10 kW og hadde 5 brukarar. Stemmen og røyrgata ligg på bruket bnr. 5 (bruket til Egil Svela). Då heile garden vart kobla til det kommunale nettet i mars 1953, overtok bnr. 8 det gamle verket. Alfred Birkeland dreiv då verket åleine ei stund til det vart nedlagt i 1964.

Svela store

Ingen

Jonas fortel også at dei fekk elektrisk straum frå kraftverket på Vikeså 16.12.1936.

Vikeså

I 1926 tok far til Petter ned kvernhuset her og bygde eit lite kvernhaus på same staden (3kW). Heimen til lærar Sagland i Skjævelandskrysset fekk straum til 3 lyspærer frå dette kraftverket. I 1937 bygde bnr. 4 eit nytt kraftverk. Det var på 24 kW, og oppsitjarane på Vikesdal fekk også straum herifrå. Petter Vikeså fortel at verket «stod ofte» på grunn av vassmangel eller på grunn av ising. Då den kommunale straumforsyninga kom tidleg i 1950-åra, gjekk bnr. 4 ut av samarbeidet, og «dei Vikesdal» brukte verket åleine 8-10 år til. Sidan vart det flytta til Gilja i Gjesdal, og der sviv det framleis. No går Skjævelandsvegen over staden der kraftverket låg. Få spor er att etter denne staden på bnr. der det var både kvernhaus, beinmølle og gardskraftverk.

I 1936 bygde bnr. 1 og bnr. 2 på Vikeså gardskraftverk til åa frå Storrsheia. Det etablerte andelslaget eig framleis fallrettane til Storsheivassdraget og driv Vikeså kraftverk. Det var frå starten 45 kW og leverte straum til heimar på Svela st. Pr. 1995 er verket på vel 80 kW, og det leverer straum til husstandar på Vikeså.

Vikeså ysteri bygde det fyrste kraftverket på Vikeså. Det var på 15,5 kW og vart bygt i 1919.



Dagens kraftverk på Vikeså.

Skjæveland

Skjæveland fekk gardskraftverk i 1926 i åa frå Nordravatnet. I 1953 vart kraftverket flytta lenger ned og bygt større slik at dei 9 eigerne fekk 5 kW kvar. No (1998) leverer ikkje kraftverket lenger straum til dei ni gardsbruka på Skjæveland.

Vikesdal

Dei fekk stauam på garden fra kraftverket på Vikeså i 1937. I 1937 bygde nemlig oppsitjarane på Vikesdal kraftverk i Skjævlandesåa saman med Per P. Vikeså. Det var på 25 kW som vart delt mellom fem brukarar på Vikesdal og Per på bnr. 4 på Vikeså. Verket vart nedlagt tidlig i 1960-åra og sidan selt til Torstein Gilja på Gilja i Dirdal.

Berland i bygda

I 1941 var kraftverket på garden ferdig. Dette nytta same fallet frå Fossvatnet, men ligg nærare tunet på garden enn saga gjorde. Kraftverket syter framleis for straumen på garden.

Spødervold

Ingen

Folket på garden skar torv ved torvløa på Stølen til dei fekk elektrisk straum frå kraftverket på Hegelstad i 1926.

Hegelstad

I 1926 bygde brukarane på Hegelstad gardskraftverk i «Litlåne» saman med gardbrukarane på Spødervold, Eikeland i bygda og Birkeland litle (Øygaard). Verket var i drift til 1976, og vart rive i 1998. Verket ytte maks. 40 kW (likestraum), 4 kW til kvar av dei ni opphavelige eigarane. Alle hadde «vippe» heime som slo straumen av og på i raskt takt, når det vart nytta for mykje straum.

I 1942 bygde oppsitjarane på bruk 11 på Hegelstad eige kraftverk i «Litlåne», eit stykke ovanfor dette kraftverket. Fram til 1953 fekk grannegarden Brådli straum til nokre få lyspærer fra værket på bnr. 11. Fra 1953 fekk dei to heimane der straumen frå Lyse Kraftverk.



Gards-kraftverket ved «Litlånæ» på Hegelstad.

Brådli

Ingen

Birkeland litle – Øygaard

Ingen

Eikeland i bygda

Ingen

Assheim

I 1936 bygde dei kraftverk i åa frå Asshimvatnet. Det var på 8-10 kW, men det var ofte for lite vatn til verket. Derfor vart det nedlagt då den kommunale straumen kom i 1953.

Ivesdal

I 1928 bygde Teodor Tollefson og Johannes Salveson kraftverk i bekken som renn ut i Hofreiste, mellom bnr. 18 og bnr. 20. Det var på 6 kW og var helst eit «flaumverk». Kraftverket vart nedlagt då Ivesdal fekk kommunal straum.

Malmeim

Kraftverket låg til Litlaelva eller Austrumdalsåa, om lag 200 meter ovanom tunet på garden, ved sida av det gamle sagbruket til Martinius omtrent der Toflehuset stod. Det vart bygt i 1929 og ytte 8 kW. Det var bnr. 2 og 3 som åtte verket. Bnr. 1 fekk litt straum frå verket ei tid. Verket var i bruk til i slutten av 1950-åra. No (1998) står berre nokre støypte murar og turbinen att her. Når dei saga på sagbruket var det ei reim frå turbinen på kraftverket som dreiv saga.

I slutten av 1950-åra bygde dei nytt kraftverk om lag 25 meter lenger inne langs åa. Det var på 35 kW og var i drift til omlag 1982. Det er ikkje i stand no lenger.

Espeland

Espeland fekk eige kraftverk i 1937. Det vart kjøpt frå garden Høyland i Time og sett opp ved åa frå Maudalsvatnet, nokre hundre meter innanfor bnr. 8. Verket ytte 31 kW. Det er no (1998) i ustand, og det har ikkje nytta dei siste 10-15 åra.

Lanes

Ingen

Veen

I 1935 vart Kvednafossen bygt ut til gardskraftverk. Dette ytte 5 kW og var i bruk til 1960. Då fekk Veen kraft frå Lyse.

Martin (bnr. 2) og Gunnar (bnr. 7) og Torvald (bnr. 8/9) hadde sitt kraftverk i Rauånå. Det vart bygt i 1947 og var i drift til årsskiftet 1979/80.

Hovland litle

Anton bygde eige gardskraftverk i 1934. Det var på 20kW og vart modernisert i 1943. Då Skjaldvor og Jon Serigstad flytte til garden i 1979, var kraftverket til nedfalls. Jon bygde det opp att og utvida til 40 kW. Det gjev no straum til garden, og kan utvidas til 80 kW, slik at metallstøyperiet på garden kan drivast med straum åleine. No (1998) nyttar Jon olje til metallsmeltinga.



Kraftverket på Hovland litle.

Sundvor

I 1954 bygde Alf, Martinius, Osvald, Jostein og Ingvald Sundvor felles kraftverk på om lag 50 kW under Roaldsfjellet, rett nord for området der det gamle tunet låg. Vatnet til verket kjem frå Skiptingstjørna. Før 1954 fekk dei straum frå kraftverket på grannegarden Hovland. Kraftverket på Hovland er enno (1998) i drift og syter for tilleggsstraum på garden.

Band III

Foss

På Foss bygde dei eige gardskraftverk (16 kW) i 1956 og fekk straum i husa. Det var brørne Olaf og Nils Foss (bnr. 1 og 2) og Tønnes Sjursen på Stølen som gjekk saman om gardskraftverket. Foss vart knytta til det interkommunale kraftverket etter 1970. Då var det berre Nils Fonn og familien hans som budde i grenda. Dei to andre familiane hadde flytta.

Birkeland store

Frå 1914 til 1938 fekk Birkeland-garden straum frå gardskraftverket på Nedrebø. I 1938/39 (ferdig 1939) bygde gardbrukarne på Birkeland eige verk ved Stølsåa. Det var på 32 kW (likestraum) og hadde 7 brukarar. Gardskraftverket vart nedlagt i 1972 då Interkommunal Vannverk (no IVAR) eksproprierte Stølsvatnet og området rundt dette til drikkevatt. Turbinen og svinghjulet vart då selt til gardskraftverket i Bjordal.

I 1961 bygde Viggo Birkeland eit lite kraftverk ved bekken frå Nedrebø. Dette var på 7 kW og gav straum (vekselstraum) til hytta hans (bnr. 14) og til huset til Inger på Auglend. Birkeland vart kobla til det kommunale straumnett i 1966. Etter at gardskraftverket vart nedlagt i 1972, gav

det vesle verket til Viggo Birkeland straum til heimen til Bjørn og Rakel Birkeland, men det vart nedlagt etter at Bjørn døydde i 1997.

Nedrebø

Det fyrste gardskraftverket i Bjerkreim kom nemleg i gang på Nedrebø i 1914. I 1907 hadde gruveselskapet i Ørdsalen bygt kraftstasjon der, men denne kom ikkje bøndene i Ørdsalen til gode. Gardskraftverket på Nedrebø omfatta gardane Nedrebø, Birkeland Store og Fuglestad. Vassfallet fra Fuglestadvatnet dreiv verket. Det var den eine gardbrukaren på Nedrebø, Villien Nedrebø, som fekk ideen om å byggja kraftverk og som sette i gang i 1913, 40 år før Bjerkreim fekk kommunalt straumnett.

I DT står det å lesa den 8.4.1914: «Viljen Nedrebø sitt private elverk er no på det næraste ferdig. Heile krinsen på omlag 10 husstander, har leigd straum av verket til Viljen. Straumen skal nyttas til lys, kraft og til koking. Fleire private elverk er no under oppsegling i Bjerkreim. Oppsitjarane på Fuglestad og Birkeland ville ikkje ha meir straum frå fyrst av en til ei lyspære Vatnet fra kraftverket vart ført om lag 250 meter i ein kanal, deretter om lag 20 meter i røyr...» Verket vart utbedra i 1938. Då vart det sett opp stemmer, og kanalen vart erstatta av røyrgate. Birkeland-garden fekk eige verk i 1938. Frå då av var det berre Nedrebø og Fuglestad som hadde verket på Nedrebø. Kraftverket hadde likestraum til 1960. Då vart det sett inn vekslestraum.

I året 2000 gjekk dei ti kraftverkeseigarane på Nedrebø og Fuglestad saman om å byggja nytt kraftverk på Nedrebø. Det nye Nedrebø Elverk er eit sameige mellom sju gardsbruk og tre bustadeigedomar på Nedrebø og Fuglestad. Installasjonen i det nye kraftverket er 100 kW.

Fuglestad

Ingen

Bue

Under andre verdenskrig vart det bygt kraftverk der kvernhuset stod, men det gjekk snart tomt for vatn om det ikkje regna. I desember 1956 fekk Bue kommunal straum. Då vart gardsverket nedlagt.

Vaule

I 1940 vart det bygt gardskraftverk ved sida av murane etter det gamle kvernhuset, og det kvernfallat vart nytta i det nye kraftverket. Verket var på 4 kW og gav lys til dei to eldste gardbruka på Vaule. Vaulegarden fekk kommunal elektrisk straum den 31.12.1956.

Røysland nordre

Etter andre verdenskrig vart det bygt eit lite gardskraftverk på same staden som kvernhuset stod ved Bekkjen, nordvest for gardstunet, men det var for lite vatn til å driva verket. Alle spor er borte no etter kvernhuset og etter gardskraftverket.

Moi

I 1942 vart det sett inn ein liten dynamo i mølla ved åa på Moi slik at dei hadde straum til lys på dei tre gardbruka på Moi. Dette utstyret kom frå gardskraftverket til Per P. Vikeså.

I 1953 bygde dei tre gardbrukarane på Moi nytt kraftverk og stem i betong. Dette verket var i bruk til 1985. Det var på 14 kW. Garden fekk kommunal straum i 1954 på grunn av anlegget med Bjerkreimsendaren.

Osland

Ingen

Slettebø

Heile garden vart kobla til det kommunale straum-nettet 23. mars 1953. Før den tid var det to små gardskraftverk på Slettebø

Det eine vart reist i fellesskap mellom bnr. 1 og to gardsbruk på Laksvela (bnr. 1 og 6). Dei tre brørne Ommund Slettebø og Ola og Sem Laksesvela stod bak verket som Sverre Laksesvela, son til Sem, bygde for dei. Kraftverket stod ved Oгна-åa, nordvest for tunet.

Det andre gardsverket var eit lite lyskraftverk på bnr. 2. Verket stod ved Oгна-åa, rett vest for tunet. Bnr. 3 hadde ikkje eige gardskraftverk.

Då Slettebø fekk kommunal straum i 1953, vart gardskraftverka nedlagde.

Laksesvela

Ingen

Tysland

De hadde et mindre kraftverk stående nedenfor garden

Steinsland

Ingen

Berland på heia

Ingen

Eikeland på heia

Ingen

Gravdal

Ingen

Gåsland

Ingen

Ognedal

Bnr. 1 og bnr. 8 hadde eit lite kraftverk i Oгна-åa, ovanfor kvernhuset til bnr. 1. Det var på 9 kW og var i bruk i åra 1937-1969.

Kløgetvedt

Ingen

Solberg

Ingen

Røysland søre

Torvald Røysland fortel at Knut T. Røysland hadde eit lite kraftverk ovanfor tunet på bnr. 5, nett der E39 går no. Der bustadeiendomen bnr. 40 ligg no, stemte han opp ein liten dam til verket. Kraftverket vart bygt kring 1925 og gav straum til to-tre lyspærer i heimen hans.

Fjermedal

I 1943/44 fekk ysteriet kraftverk, og då fekk bnr. 1 straum til nokre lyspærer. Det same fekk landhandler P. H. Vinningland. Han hadde tidligare prøvt seg med vindmøller som han hadde sett i USA. Vindkraftverket hans vart ikkje vellukka, fortel sonen Sverre. I staden hadde dei eit lite bensinaggregat ei tid.



Bjerkreim Ysteri til venstre i bilde og forretningen til P.H.Vinningland til høgre.

Hustoft

Ingen

Versland

Ingen

Apeland

Ingen

Helland

Ingen

Varp

Gardskraftverket vart bygd i 1946 ved bekken til Hetlandsvatnet, om lag 100 meter sør for Holmavatnet. Verket var i drift til garden fekk kommunal straum kring 1960.

Hetland

Hetland fekk eige gardskraftverk i 1926. Kvernhuset til bnr. 1 fekk då eit påbygg. Verket var på 4 ½ kW. Bnr. 1 åtte verket. Eigaren selde straum til dei tri andre husstandane på garden, 8

lyspærer pr. husstand og oppvarming av eit strykejern. Hetland fekk kommunal straum i 1956. Gardskraftverket var i drift til om lag 1963. Etter at verket vart nedlagt, vart påbygget rive og kvernhuset restaurert. Men i dag står kvernhuset «midt i vodlen». Bekken frå Forevatnet vart nemlig lagt i røyr forbi tunet i midten av 1980-åra, i samband med nydyrking av garden.

Tengesdal nordre

Gardskraftverket står på sørsida av Hetlandsvegen, eit par hundre meter nærare garden enn kvernhusstufene. Kraftverket som nyttar vassfallet frå Fossåa, vart bygt i 1937. Det var på 40-45 kW og hadde 11 brukarar både frå nordre og søre Tengesdal. No er det på 60kW (vekselstraum). Reiar Tengesdal på bnr. 4 fortel (år 2000) at dei fekk elektrisk vasspumpe i 1937, slik at dei slapp å pumpa for hand, eller bera vatn i bøtter frå åa som dei måtte før straumen kom. Bnr. 13 var ikkje med i verket men fekk straum frå kraftverket på Vinningland.

I 1937 bygde Omund og sonen Arnold Tengesdal på bnr. 11 eige kraftverk i bekken frå Dybingen der bustadfeltet Kleivane ligg no. Det var på 6 kW og var i bruk til om lag 1963. Det kom elektrisk straum på garden i 1953.



Kraftverket på Tengesdal slik det står i 2014.

Aaland Gård, juli 2014
Paul Tengesdal